



Ordfører

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/451 - 15/18679

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
14.10.2015

Godkjenning - søknad om dispensasjon frå prøvetaking, VA-anlegg på Eikeland.

Administrativt vedtak. Saknr: 374/2015

Saksutgreiing:

Det er søkt dispensasjon frå prøvetaking for kommunalt VA-anlegg på Eikeland. Anlegget er bygd med slamavskiljar og vidare utslepp til sjø i Herdlefjorden.

Anlegget er bygd etter «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 13-5, som gjeld utslepp av kommunalt avlaupsvatn frå mindre tett busetnad. Slamavskiljaren er på 28m³ og anlegget er dimensjonert for 200 pe, 40 hus/hytter. Slamavskiljaren er tilpassa prøvetaking ved at det er bygd prøvetakingskummer før inn løp og etter utløp.

Vurdering:

Slike anleggt skal drivast i samsvar med krav i forureiningforskrifta § 13-6 til § 13-16.

Til no er berre 9 hus knytt til anlegget og anlegget fungerer i praksis difor som eit § 12 anlegg, dvs eit anlegg som har under 50 pe. Slike anlegg er unnateke prøvetaking.

Anlegget stod ferdig vinteren 2014/2015. Etter vedtak i Meland kommunestyre 23.01.2008 sak 010/08 om prinsipp for tilknytning til kommunalt vass- og kloakkanlegg i uregulert område, skal alle bustader åleine eller som tilsaman gjennom felles greinledning/stikkledning ligg nærare enn 200 meter frå kommunal hovudledning kytast seg til denne innan 3 år etter at hovudledningen er teke i bruk.

Kommunen vil innan 3 år gje pålegg til alle som ligg innan nemnde avstad. Først då vil anlegget med sikkerhet ligge innanfor krav i Kap 13.

Administrasjonen har ingen merknader til søknaden.

Vedtak

«Meland kommune viser til saksutgreiinga og vurderinga ovanfor og gjev, i samsvar med søknad, dispensasjon frå krav om prøvetaking til fram til 01.01.2018.

Kommunen legg til grunn for dispensasjonen at anlegget inntil vidare vert å betrakta som eit § 12 anlegg.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Berit M.Eskeland

Mottakere:
Ordførar